



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		101619/2020/REGULERINGSPLAN/1519	Synnøve Valle, 71 28 02 39	17.07.2020

Volda kommune - Detaljregulering for Rotsetfjøra gbnr 30/157,30/286 m.fl. - spørsmål knytt til motsegner

Vi viser til drøftingsmøte om detaljregulering for Rotsetfjøra 18.06.20 og innsendt skisse til endra plankart mv. 8.07.20 frå Sporstøl AS.

Vi kommenterer her framlegga til endringar i planen, men vil presisere at formell trekking av motsegner først kan skje etter at kommunen har handsama endringane, jamfør referatet frå møtet 18.06.20.

Som nemnd i tidlegare uttalar, har vi som kulturminnemynde vore opptekne av effekten planframlegget kan få for viktige kulturminne av regional og nasjonal verdi i området. I uttalen vår 29.05.20 skisserte vi nokre måtar å løyse dette på, mellom anna ved å auke avstanden mellom Garvarbuda og dei planlagte blokkene.

Vi har følgjande kommentarar til den nye skissa:

Kommentarar som gjeld motsegn 1: «For svak styring i omsynssonene for eit kulturmiljø som inneheld regionalt og nasjonalt viktige kulturminne».

Når det gjeld føresegnene har vi gjort nokre presiseringar som kan rettast opp:

- **2.4 Bygningars form, plassering, materialbruk og farge:**
Foreslår kommunen og fylkeskommunen skal osv. i første setning.
- **4.2.1 H570_4 - Område BUN**
Vi foreslår å skifte ut punkt b med følgjande: «Innanfor området kan eksisterande bygningar og terreng med trappar og vegetasjon bli bevart så langt som mogleg, eller kopierte, under føresetnad av at målestokk, takform, fasadar, vindaugeinndeling, dør og vindaugeutforming vert oppretthalde eller mest mogleg tilbakeført. Viser til Bygningstilstand og estetiske rettleiar i Volda kommune si vurdering av verneverdige karaktertrekk».
- **4.2.1 H570_5 – Område VFE2, o_GF5, Kultur og BFS1**
Foreslår ny siste setning i punkt a: «Alle tiltak i område skal på høyring til regional kulturminnemynde».

Foreslår tillegg til punkt b: «Dei to store bøketrea i Ristetunet, murar, og vegen/stien mellom Garvarbuda og Ristetunet skal bevarast».

- **4.3 H730_1, 3, 5, 6, 7.** (H730_4 - naustet er ikkje freda men inngår i omsynssone H570)

Foreslår ny setning i punkt a: «Bygningar og landingsvor er vedteken freda i medhald av Kulturminneloven, og tiltak skal handsamast i medhald av fredingsvedtaka. Ved tiltak skal Regional kulturminnemynde med delegert mynde frå Riksantikvaren handsame saka».

- **7.4 Rekkefølgekrev:** Vi føreset at området o_BLK4 skal ferdigstillast samtidig med BKB1, jamfør at alle offentlege areal må opparbeidast samtidig og som del av utbyggingsprosjektet. Er det ei feilskrivning i punkt b?

Med nokre presiseringar i føresegner er vi innstilte på å trekke motsegna vår som gjeld for svak styring i omsynssonene (motsegn 1 i brevet 29.05.20).

Kommentarar som gjeld motsegn 2: «Reguleringsplanen tar ikkje tilstrekkeleg omsyn til kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi når det gjeld volum, form og høgder på utbygginga i områda BKB1 og BBB»:

- I skissa til det nye framlegget er blokk BBB erstatta med kvartalsleikeplass o_BLK4. Den tidlegare leikeplassen o_BLK4 er erstatta med ein 4-mannbustad med tilhøyrande nærleikeplass. Avstanden mellom Garvarbuda og nærmast blokk over kjeller er auka frå om lag 22 meter til 46 meter. Om ein ser på samla areala for leik (BLK – 1,9 daa) og uteopphald (BUT – 0, 6 daa) er areal til disse formåla tilnærma uendra. Maksimum høgde på BKB1 er auka frå kote +18 til kote +22 meter.
- Siste utkast til plankart med større avstand mellom dei freda bygningane og bustadblokkene vil i stor grad gje rom for dei freda kulturminna.

Gjennom denne endringa er vi innstilte på å trekke motsegna vår som gjeld omsyn til kulturminne og kulturmiljø av regionale og nasjonal verdi (motsegn 2 i brevet 29.05.20).

Det siste vi vil nemne, som ikkje er ein motsegnsak, er kravet til mur i området mellom landingsvor og båtslip. No skal vel leikeplassen lagast med utgangspunkt i **Rettleiar for leike og aktivitetsområde_20190214**, og borna bli høyrde i samband med utforming. Samtidig er det krav til sikkerheit. For opplevinga av kulturminna er sjølvstøst mogleg opning mot sjøen positivt. Vi ser for oss at born kan like at der vert tilrettelagt for bading i leikeområdet, og da kunne ei strand/ støypt med omlag same skrå som slipen vere ei løysing som og vil vere positivt for kulturminna. Vi ser difor gjerne at det vert opna for det i reguleringsplanen.

Konklusjon

Med bakgrunn i endringane som er gjort, er vi innstilte på å trekke motsegnene som vi hadde til planforslaget 29.05.20. Ved spørsmål, ta kontakt med fagsaksbehandlar.

Ole Helge Haugen
spesialrådgivar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Kulturminne frå nyare tid: Toril Moltubakk, tlf. 712 80 337

Kopi:

Sporstøl arkitekter AS

Fylkesmannen i Møre og Romsdal